



REGLEMENT FOR DELEGASJON AV AVGJERDSMYNDE

Frå Kommunestyret til andre folkevalte organ og til
rådmannen



Vedteke i kommunestyresak 26/13

Innhold

1.	Prinsipp for delegering	side 4
1.1	Innleiing	side 4
1.2	Retningslinjer for bruk av delegert avgjerdsrett	side 4
1.3	Tilbakekalling, kontroll og rapportering av delegeringsvedtak	side 4
1.4	Rett og plikt til å unnlate å gjere bruk av delegert avgjerdsrett	side 5
1.5	Delegering vidare	side 5
1.6	Litt om omgrepet <i>ikkje prinsipielle saker</i>	side 5
1.7	Rett til å gjere om vedtak	side 6
1.8	Klage	side 6
1.9	Justering av reglementet	side 6
2.	Politisk organisering i Nissedal kommune	side 6
2.1	Overordna styringsorgan	side 6
2.2	Særlovsnemnder	side 7
3.	Mynde til dei politiske organa	side 7
3.1	Kommunestyret	side 7
3.1.1	Val og samansetning	side 7
3.1.2	Arbeidsområde og mynde	side 7
3.1.3	Oppgåver etter særlover	side 8
3.2	Formannskapet	side 9
3.2.1	Val og samansetting	side 9
3.2.2	Ansvarsområde og mynde	side 9
3.2.3	Delegerte oppgåver frå kommunestyret	side 9
3.2.4	Delegering etter særlov	side 9
3.3	Administrasjonsutvalet	side 12
3.3.1	Val og samansetting	side 12
3.3.2	Ansvar og mynde	side 12
3.4	Ordførar	side 12
3.4.1	Delegert avgjerdsrett	side 12
3.5	Kontrollutvalet	side 12
3.5.1	Val og samansetting	side 12
3.5.2	Ansvar og mynde	side 12
4.	Andre utval	side 13
4.1	Ad hoc-utval	side 13
4.2	Rådet for menneskje med nedsett funksjonsevne	side 13
4.3	Eldrerådet	side 13
4.4	Forliksråd	sider13

5. Administrasjonen	side 13
5.1 Rådmannen	side 13
5.2 Ansvarsområde	side 13
5.3 Mynde	side 14
6. Delegering til interkommunale samarbeidsorgan	side 14
6.1 Kvitesidsamarbeidet	side 14
6.2 Andre interkommunale samarbeid med delegering av mynde	side 14

1. Prinsipp for delegering

Kommunen blir styrt av ulike rammevilkår. Dei viktigaste er lovene.

Kommunesektoren si "grunnlov" er [Kommunelova](#). Men som det går fram av dette Reglementet, er mange særlover òg aktuelle. Prinsippa for delegering er dei same, bygd på juridisk teori og sedvane.

1.1. Innleiing

Delegering inneber at nokon (X) med avgjerdsrett gjev ein annan (Y) avgjerdsrett av same art som ein har sjølv. Ei delegering frå X til Y inneber likevel ikkje at X mister noko av sin eigen avgjerdsrett. Det formelle ansvaret kan ikkje delegerast. Y gjer vedtak på vegne av X og har ikkje det formelle ansvaret, men han har ansvaret i høve til X.

For at ei delegering skal vere lovleg, må visse kriterium vera oppfylte:

- Det må vera høve til å delegere avgjerdsretten
- Delegeringa må gjevast til nokon som er kompetent til å ta i mot slik avgjerdsrett
- Sjølve delegeringsvedtaket må vera gyldig. I dette ligg at sakshandsamingsreglar og reglar om fleirtal, habilitet, vedtaksførleik o.l. må vera fylgde

Hovudprinsippet i [Kommunelova § 6](#) er at avgjerdsretten på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova, eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret sjølv.

Reglementet er bygd opp slik at mynde er delegert til rådmannen så sant saka ikkje er prinsipiell eller så sant det ikkje er spesifikt skildra under det aktuelle organ. Orsaka til dette er fyrst og fremst eit ynskje om å gjera reglementet enklare og meir oversiktleg ved at ein ikkje i unødig grad må knytte delegeringane opp til einskilde paragrafar i den einskilde lov eller forskrift. Kva som er ei prinsipiell sak blir drøfta nærare i kap. 1.6.

Dette delegeringsreglementet verkar saman med andre kommunale reglement, dette gjeld spesielt økonomireglementet. Økonomireglementet omhandlar mellom anna kven som har disposisjonsfullmakter i pengespørsmål. I den grad reglane er (utilsikta) motstridande mellom kommunen sitt delegeringsreglement og økonomireglementet går **økonomireglementet** føre så langt ikkje noko anna går fram direkte av lov.

1.2. Retningsliner for bruk av delegert avgjerdsrett

Delegert avgjerdsrett skal utøvast:

- I medhald av gjeldande lover, forskrifter og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som fylgjer av lov, forskrift og god forvaltningskikk
- Lojalt og i samsvar med retningsliner gjeve av overordna organ/person
- Innanfor dei plan- og budsjettammer som er vedtekne av kommunestyret eller anna overordna organ

1.3. Tilbakekalling, kontroll og rapportering av delegerte vedtak

Overordna organ kan:

- når som helst trekkje tilbake ei gjeven delegering
- krevje å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til handsaming i medhald av delegert avgjerdsrett

- krevje å få overta handsaminga av, og fatte vedtak i, einskildsak som eit underordna organ har til handsaming i medhald av delegert avgjerdsrett.

Om kontroll:

- Alle vedtak som blir fatta i medhald av delegert avgjerdsrett skal som hovudregel bli lagt som referatsak til det organ som etter delegeringsreglementet er peika ut som rapporteringsorgan.
- Der avgjerdsrett er delegert i fleire ledd, gjeld rapporteringsplikta berre for siste delegering. Det organ som delegerer vidare, avgjer om dei vedtaka som er fatta er av ei slik tyding at dei bør bli rapportert til overordna organ.

1.4. Rett og plikt til å unnlate å gjera bruk av delegert avgjerdsrett

Dersom det ligg føre særskilte grunnar som gjer at ei sak skal seg ut frå det ordinære, skal den som har fått delegert mynde, alltid vurdere om dette gjer at saka likevel bør handsamast i det overordna organet trass i delegeringsvedtaket. Sjå òg avsnitt 1.6.

1.5. Delegering vidare

Reglementet er laga slik at det er høve til å delegere vidare dersom det ikkje er laga ei **delegeringssperre**. I lovteknikken blir delegeringssperre laga på fleire vis. I dette reglementet er det nytta same system som i kommunelova. Det vil seie at når lova nyttar ordlyden "kommunestyret sjølv", så kan avgjerdsrett ikkje delegerast. Delegeringssperre kan òg vera laga i særlov ved at lova sjølv peikar på kven som skal ha avgjerdsrett. Basert på dette reglementet utarbeider rådmannen sjølv retningslinjer for intern delegering i administrasjonen og utøving av slik avgjerdsrett.

1.6. Litt om omgrepet *ikkje prinsipielle saker*

Organet som er gjeve delegert avgjerdsrett, pliktar å vurdere om saka er så prinsipiell at denne retten ikkje bør nyttast. Ei sak vert oppfatta som ikkje prinsipiell når det ligg føre klare retningslinjer for korleis ho skal behandlast, og ein har ein praksis frå behandling av tilsvarande saker. For å avgjera om ei sak er kurant eller ikkje må ein leggje vekt på:

- Har ein eit reglement eller ein eintydig praksis å vise til?
- Har det vore politisk semje om liknande saker tidlegare?
- Er konsekvensane små for den saka gjeld og for kommunen?

Det kan som utgangspunkt være nyttig i sonderinga mellom prinsipiell/ ikkje prinsipiell sak å spørje seg om det til grunn for avgjersla er naudsynt med meir enn ei fagleg og/eller regelbunde vurdering eller handsaming. Politiske eller klart skjønnsmessige vurderingar /prioriteringar er å vurdere som prinsipielle. Vidare er det ein føresetnad at sakshandsamar konfererer med sin overordna/eventuelt rådmannen når det er tvil om ei sak er prinsipiell eller ikkje.

Dei avklaringar som vert gjort gjennom behandling av slike tvilstilfelle, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

Dersom det er tvil om kor vidt ei sak er av prinsipiell tyding, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell tyding skal handsamast i det politiske system, har ordførar og rådmann ansvar for å klarlegge dette. Når dei er i tvil, legg ordføraren saka fram for formannskapet som skal avgjere spørsmålet. Uansett bør den som har fått delegert mynde vurdere å leggje saka fram for overordna mynde dersom det er tvil om saka kan vera prinsipiell. Dersom det er uklart om eit kollegialt organ har avgjerdsrett i ei sak i medhald til delegert

avgjerdsrett, avgjer utvalet sjølv ved vanleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer møteleiaren med dobbeltstemme.

Eit vedtak om bruk av omstridt delegert avgjerdsrett kan lyftast inn for overordna organ etter reglane for mindretalsanke i møtereglementet.

1.7. Rett til å gjera om vedtak:

Eit kommunalt organ kan i særskilte høve gjera om sitt eige vedtak utan at det er påklaga etter dei reglane som gjeld i [Forvaltningslova § 35 1.ledd](#). Føresetnadane for dette er at anten:

- a) Endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser. eller
- b) Melding om vedtaket ikkje er kome fram til vedkommande og vedtaket heller ikkje er offentlig kunngjort eller
- c) Det viser seg at det vedtaket som er gjort må reknast som ugyldig.

Overordna organ kan av eige tiltak gjera om underordna organ sitt vedtak på same måte som det underordna organet sjølv. Avgrensingane i [Forvaltningslova § 35 1.ledd](#) gjeld berre ved omgjerding av einskildvedtak, jfr. [Forvaltningslova § 3, 1. ledd](#).

Overordna organ sin rett til å gjera om vedtak gjeld også vedtak fatta på delegert avgjerdsrett etter [Kommunelova § 13](#) (hastesaker).

1.8. Klage

Partar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtak fatta av kommunalt organ, jfr [Forvaltningslova § 28](#). Einskildvedtak fatta på delegert avgjerdsrett kan òg klagast på etter reglane i forvaltningslova. Ulike særlover kan ha eigne reglar for klage som supplerer reglane i forvaltningslova. Handsaming av ei klagesak i fyrsteinstans skal alltid fyrst gjerast av det organet som har teke avgjerd. Dersom dette organet ikkje gjev klaga medhald, skal klaga handsamast i klageinstansen **dersom ikkje anna er fastsett i særlov**. For mange saker er det fastsett i lov at endeleg avgjerd i klagesaka vert fatta av fylkesmannen eller anna organ overordna kommunen.

1.9. Justering av reglementet

Rådmannen har fullmakt til å foreta dei justeringar i reglementet som er direkte konsekvensar av vedtekne organisatoriske endringar, eller vedtekne lovendringar når desse klart ikkje bryt med prinsippa i reglementet eller omfanget av dei fullmakter som er gjevne. Slike justeringar skal rapporterast til det politiske utval som har ansvar for den einskilde endring.

2. Politisk organisering i Nissedal kommune

I dette kapitlet blir det gjeve eit kort oversyn over organiseringa sett i eit juridisk perspektiv.

2.1. Overordna styringsorgan

I medhald av [Kommunelova](#) av 25.09.1992 nr. 107, har Nissedal fylgjande pliktige politiske organ:

- **Kommunestyre**, jf. [§ 6](#)
- **Formannskap**, jf. [§ 8](#)
- **Administrasjonsutval**, jf. [§ 25](#)
- **Kontrollutval**, jf. [§ 77](#)

Formannskapet er kommunen sitt økonomi-, plan- og næringsutval

2.2. Særlovnemnder

I medhald av særlov har Nissedal fylgjande pliktige kommunale organ:

- **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne** jf. [Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 2](#)
- **Eldreråd**, jf. [Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 1](#)
- **Valstyre** jf. [Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre \(Vallova\)§ 4- 1](#)
- **Skjønnsutval**, jf. [Lov om forpaking \(Forpaktingslova\) § 11](#)
- **Takstnemnd**, jf. [Lov om eigedomsskatt til kommunane \(Eigedomsskattelova\) §§ 3 og 4](#), Jf. [Byskattelova av 1911 §§ 4 og 5](#)
- **Overtakstnemnd** etter [Eigedomsskattelova § 33](#), jf. [Byskattelova av 1911 § 4](#)
- **Forliksråd**, jf. [Lov om domstolane \(Domstollova\) § 57](#)
- **Overformynderi**, jfr. [Lov om vergemål \(Verjemålslova\) § 19](#). Ordninga vert avslutta 1.7.2013 som følgje av lovendring.

3. OPPGÅVER TIL DEI POLITISKE ORGANA

3.1. Kommunestyret

3.1.1. Val og samansetning

Kommunestyret er det øvste folkevalde organet i Nissedal jf. [Kommunelova § 8](#).

Kommunestyret blir valt av kommunen sine stemmeføre innbyggjarar etter reglar fastsett i lov.

Kommunestyret i Nissedal skal ha 17 medlemmar.

3.1.2. Arbeidsområde og mynde

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av Nissedal kommune i alle saker dersom ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak. Kommunestyret avgjer sjølv om andre organ kan gjere vedtak på kommunestyret sine vegne der det er høve til dette. Nedafor følgjer eit oversyn over kommunestyret sine oppgåver sortert etter lovheimel.

Kommunelova

Med heimel i kommunelova skal kommunestyret sjølv gjera vedtak i saker som gjeld:

- Endring av kommunestyret sitt **medlemstal** (§ 7 nr. 3)
- Val av **formannskap** (§ 8 nr. 1) og fastsetting av formannskapets saksområde og kompetanse (§ 8 nr. 3)
- Val av **ordførar** og varaordførar (§ 9 nr. 1)
- Val av **kontrollutval** (§ 77)
- Oppretting, omorganisering og nedlegging av **faste utval**. Fastsetting av deira saksområde og kompetanse, samt val av medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar (§ 10 nr. 1, 2, 3 og 6)
- Fritak frå politiske verv (§ 15 nr. 3)
- Oppretting av eige styre for **kommunal bedrift** eller institusjon (§ 11 nr. 1)
- Tildeling av **hastekompetanse** til anna folkevald organ (§ 13 nr. 1)
- Tilsetting av **rådmann** (§ 22 nr. 2)
- Fastsetting av nærare retningslinjer for dei **tilsette sin møte- og talerett** i kommunale nemnder når desse handsamar saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette (§ 26 nr. 4)
- Oppretting av **styre for interkommunalt samarbeid** og gje mynde til dette (§ 27 nr. 1)
- Delegering av mynde i samband med **vertskommunesamarbeid** (§§ 28a-k)

- Fastsetting av reglement for **saksbehandlinga** i folkevalde organ (§ 39 nr. 1).
- Plikt til å ta stilling til framlegg som gjeld kommunen si verksemd dersom minst 2 % av innbyggjarane, alternativt minst 300 **innbyggjarar** i kommunen står bak framlegget (§ 39a)
- Fastsetting av reglement for dei folkevalde sin rett til **innsyn** i saksdokument og informasjon om saker som er under behandling (§ 40 nr. 5)
- Fastsetting av reglar om **godtgjersle** til folkevalde (§§ 41-42)
- Godkjenning av **økonomiplan og årsbudsjett** og vesentlege endringar i desse etter innstilling frå formannskapet (§ 44 nr. 1, jfr. nr. 6) og § 45 nr. 2)
- Godkjenning av **årsrekneskap** og årsmelding (§ 48 nr. 3).
- Fastsetting av reglar for kommunen si **finansforvaltning** (§ 52 nr. 1)
- **Betalingsinnstilling** (§ 56 nr. 1)
- Oppretting av **kommunalt føretak**, inkludert val av styre og fastsetting av vedtekter for føretaket (§ 62)

I tillegg skal kommunestyret sjølv:

Vedta overordna planar og retningslinjer som gjeld kommunen si samla verksemd eller som er utarbeidd med heimel i lov eller forskrift som seier at kommunestyret sjølv skal vedta denne.

- vedta avgifter, gebyr eller betaling til kommunen med mindre dette mynde er særskilt lagt til anna organ ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak
- vedta kommunale forskrifter eller vedtekter med heimel i kommunelov eller særlov med mindre dette mynde særskilt er lagt til anna organ ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak 9
- vedta skattesatsar for formue og inntekt jfr. Skattelova og utskriving av eigedomsskatt jfr. Eigedomskattelova
- vedta alle kommunale reglement og vedtekter dersom dette ikkje er lagt til andre organ
- røyste ved **uravstemming** over forslag til avtale ved forhandlingar mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane.
- gjere sal, avhending, makeskifte av kommunale bustader
- Godkjenning av **avtaler** som er inngått sentralt mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane.
- Erverve, avhende og bortfeste **eigedom** eller rettar i eigedomar uavhengig av verdi. (Dette med unnatak av sal av tomter i regulerte felt og mindre parsellar elles)

3.1.3. Oppgåver etter særlover

Alkoholova

Uavhengig av når vedtaket er gjort, skal kommunestyret sjølv handsame alle faste sals- og skjenkeløyve fyrste året av ny kommunestyreperiode. Eit eventuell fastsetting av eit maksimalt tal på løyve jf. § 1-7 skal òg gjerast av kommunestyret sjølv.

Plan- og bygningslova

Etter § 3-3 i denne lov skal kommunestyret skal sjølv vedta:

- Kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan
- Oppstart av arbeid med kommuneplanen og utarbeiding av planprogram (§ 11-3)
- Planprogram for reguleringsplanar med vesentleg verknader for miljø og samfunn (§ 12-9)
- Ekspropriasjon (§ 16)
- Ei ordning for å ta vare på barn og unge sine interesser i planlegginga (§3-3)

Vegløva

Kommunestyret skal sjølv gjera vedtak om bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg. Det same gjeld fastsetting av bompengar for kommunal veg og satsar for ferje.

3.2. Formannskapet

3.2.1. Val og samansetning

Formannskapet har fem medlemmer. Medlemmene og varamedlemmene vert valde av og blant kommunestyrets medlemmer for ein periode på 4 år.

3.2.2. Ansvarsområde og mynde

Kommunelova gjev ikkje formannskapet spesifikk avgjerdsrett i einskildsaker, men formannskapet er kommunen sitt hovudutval for økonomi og skal derfor handsame alle slike saker (økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak) før dei går til kommunestyret for endeleg avgjerd jf. § 8.3 i Kommunelova. Utvalet har også funksjon som planutval, og skal dermed innstille til kommunestyret i alle saker etter Plan- og bygningslova der mynde er lagt til kommunestyret sjølv.

Formannskapet er kommunen sitt næringsutval, og forvaltar midlane i næringsfondet i tråd med vedtektene for fondet og innafor løyvd ramme i budsjett.

Formannskapet har mynde til å treffe vedtak i saker som skulle ha vore avgjort av kommunestyret eller andre kommunale organ når det er naudsynt at vedtak vert fatta så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det aktuelle organet, jf. Kommunelova § 13.

3.2.3. Delegerte oppgåver frå kommunestyret.

Formannskapet blir gjeve mynde til å gjera vedtak innan fylgjande saksområde:

- **Uttale** seg på vegne av kommunen i saker der andre organ enn kommunen skal ta avgjerd
- Utøve kommunen sin **eigarskapspolitikk** i samsvar med eigarskapsmeldinga. Dette inneber m.a. å gje føringar til kommunen sin styrerepresentant i saker av prinsipiell karakter.
- Kulturpris
- Fordeling av avsette kulturmedel

3.2.4. Delegering etter særlov

Formannskapet utøvar det mynde som er tillagt kommunen etter særlover, med unntak av det mynde som kommunestyret ikkje kan delegere vidare. Saker av ikkje prinsipiell karakter vert vidaredelegert til rådmannen. Dersom utvalet sjølv skal handsame einskilde saker vert det gjort særleg greie for nedanfor.

Plan- og bygningslova

Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret i dei plansakene som ikkje er delegert til utvalet sjølv, jf. opplistinga av kommunestyret sine oppgåver etter denne lov. I tillegg har utvalet mynde til å leggje planframlegg ut til offentleg ettersyn. Formannskapet har delegert mynde til å gjera følgjande vedtak:

- Legge forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn (4-1, 2.ledd).
- Legge forslag til samfunnsdel og arealdel av kommuneplanen til høyring/offentleg ettersyn (§11-14).
- Gjere mindre endringar i kommuneplanens arealdel (§ 11-17).
- Sørge for at det blir utarbeidd reguleringsplan der dette fylgjer av lova, kommuneplanens arealdel, eller der det elles er eit behov (§12-1, 2.ledd).
- Gje andre styresmakter eller private rett til å utarbeide forslag til områderegulering (§12-2).
- Forlenge planvedtak med inntil to år av gongen (§12-4, 5.ledd).
- Avgjere om reguleringsforslag skal fremjast, og legge forslag til reguleringsplan ut på høyring/offentleg ettersyn, eventuelt fremje alternativt forslag til reguleringsplan (§12-11).

- Vedta mindre reguleringsplanar når planen er i samsvar med rammer i kommune-planens arealdel, og det er mindre enn fire år sidan han blei vedtatt av kommunestyret (§12-12, 2.ledd).
- Vedta mindre endringar av reguleringsplanar, eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplan (§12-14,2.ledd).
- Vedta mellombels forbod mot tiltak (§13-1).
- Fastsetje varighet og frist (§13-2).
- Forlenge frist (§13-3)
- Gje dispensasjon (§19-4).
- Behandling av klage på reguleringsvedtak, jf. pbl §1-9, delegerast til formannskapet. Finn formannskapet at det er grunn til å ta klaga til fylgje, skal formannskapet legge fram ny sak for kommunestyret med forslag til endring av vedtaket. Blir klaga avvist, sender formannskapet klaga med uttale vidare til Fylkesmannen.

Fullmakter til rådmannen:

- Sørge for at det ligg føre eit oppdatert, offentleg kartgrunnlag for dei føremåla som omhandlast av lova (§ 2-1 1.ledd).
- Mynde til å krevje at den som fremjar planforslag eller søknad om tiltak, utarbeider kart når dette er nødvendig for å ta stilling til forslaget eller søknaden (§ 2-1, 2.ledd).
- Behandle regulerings spørsmål om detaljregulering som er i samsvar med arealdel og/eller områdeplan (førehandskonferanse) (§12-3).
- Ved varsel om reguleringsarbeid, behandle planspørsmålet og eventuelt gje råd til planutarbeidinga (§ 12-8, 1.ledd).
- Vedta små endringar av reguleringsplan (§12-14, 2.ledd).

Rådmannen får elles fullmakt til å fatte vedtak i enkeltsaker etter lova, med unnatak for avgjerder som ikkje kan delegerast, eller som er delegert til andre.

Jordlova

- Deling av landbrukseigedom etter § 12
- Deling av ubygd tomter i LNFR-område, større enn 2 daa
- Deling av tomter i LNFR-område som er bygd på, og som er større enn 2 daa
- Omdisponering etter § 9 av dyrka og dyrkbar jord, større enn 2 daa

Konsesjonslova

- Konsesjon og buplikt i medhald av § 4 og 5 for bygd landbrukseigedom over arealgrense for lovbestemt buplikt
- Konsesjon i medhald av § 4 for bygd landbrukseigedom over arealgrense for konsesjonsplikt
- Konsesjon i medhald av § 2 for ubygd eigedom over 2 daa i LNFR-område
- Konsesjon og buplikt i medhald av § 7 og forskrift for nedsett konsesjonsgrense
- Konsesjon og buplikt i medhald av § 5, 16 og 19 på landbrukseigedom ved misleghald av vilkår for konsesjonsfritak
- Konsesjon og buplikt i medhald av § 7, 16 og 19 og forskrift for nedsett konsesjonsgrense ved misleghald av vilkår for konsesjonsfritak

Motorferdsellova

- Søknader etter § 6 i Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag

Andre lover

Rådmannen er delegert mynde i medhald av følgjande lover i saker som ikkje er prinsipielle:

- **Delingslova**
- **Eigarseksjonslova**
- **Forureiningslova**
- **Gravferdslova**
- **Lov om tilskot til livssynsamfunn**
- **Matrikkellova**
- **Politolova**
- **Serveringslova**
- **Skattelova**
- **Straffelova**
- **Truomssamfunnslova**
- **Tvistemålslova**
- **Tvangsfullbyrdingslova**
- **Kommunale vass- og kloakkavgifter**
- **Barnehagelova**
- **Barnevernslova**
- **Eldrerådslova**
- **Gravferdslova**
- **Helseberedskapslova**
- **Helseregisterlova**
- **Helse- og omsorgstenestelova**
- **Helsepersonellova**
- **Helseregisterlova**
- **Husbandlova**
- **Krisesenterlova**
- **Kyrkjelova**
- **Opplæringslova**
- **Smittevernlova**
- **Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltninga**
- **Tobakkskadelova**
- **Vaksenopplæringslova**
- **Brann- og eksplosjonsvernlova**
- **Filmlova**
- **Friluftsløva**
- **Folkebiblioteklova**
- **Forpaktingslova**
- **Forureiningslova**
- **Hundelova**
- **Kulturminnelova**
- **Lakse- og innlandsfisklova**
- **Matlova**
- **Naturmangfaldlova**
- **Naturskadelova**
- **Plantevernlova**
- **Skoglova**
- **Stadnamnlova**
- **Odelslova**

- Veglova
- Vegtrafikklova
- Viltlova

3.3. Administrasjonsutval

3.3.1. Val og samansetning

Formannskapet utgjer administrasjonsutvalet (jf. § 25 i KommuneLOVA) saman med 2 medlemmer som dei tilsette. Utvalet har dermed sju medlemmer.

3.3.2. Ansvar og mynde

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval som skal behandle saker som gjeld høvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet fastset den politikk, dei retningslinjer og dei mål som gjeld løns- og personalspørsmål i kommunen.

Utvalet innstiller til kommunestyret i saker som gjeld

- Tilsetting av rådmann

Utvalet har delegert følgjande avgjerdsrett:

- Overordna personalpolitiske retningslinjer
- Avskjed og oppseiingar
- Handsame spørsmål knytt til likestilling
- Ved eventuell tilsetningsstopp – vurdere og vedtaka utlysing av ledige stillingar
- Godkjenne arbeidsavtale, instruksar eller stillingsomtale for rådmann
- Der det i personalsaker er klagerett, er utvalet klageinstans
- Utvalet har fullmakt til å avgjere tvilsspørsmål om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre slutningar som vedkjem arbeidstakerane sine tilsetnings- og arbeidsvilkår

3.4. Ordførar

Ordføraren er kommunen sin rettslege representant. KommuneLOVA gjev ikkje ordføraren avgjerdsrett i einskildsaker på vegne av kommunen, men med heimel i [kommuneLOVA § 9 nr.5](#) kan ordførar få avgjerdsrett frå politiske organ i einskildsaker eller saker utan prinsipiell tyding der delegeringssperre ikkje er til hinder. Han kan òg bli tildelt avgjerdsrett i hastesaker ([§ 13](#)).

3.4.1. Delegert avgjerdsrett

Ordføraren skal i utgangspunktet representere kommunen som aksjeeigar i høve til aksjeselskap der kommunen eig aksjar. Ordførar kan delegere dette mynde vidare til varaordførar eller rådmann.

3.5. Kontrollutvalet

3.5.1. Val og samansetning

Kontrollutvalet har 3 medlemmer som alle er valde av kommunestyret. Minst eitt av medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, men ingen av dei kan vera medlem av formannskapet. Utvalet skal veljast etter at kommunestyret vel formannskap, og før dei andre utvala vert valde.

3.5.2. Ansvar og mynde

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt organ for å føre tilsyn med heile den samle kommunale verksemda, jf. § 77 i KommuneLOVA. Utvalet har ikkje avgjerdsmynde i einskildsaker, men innstiller direkte til kommunestyret. Leiar har møte- og talerett i kommunestyret. Ordførar har møte og

talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møte- og talerett, men skal ha høve til å kommentere saker frå utvalet før dei vert lagde fram for kommunestyret.

4. ANDRE UTVAL

4.1. Ad hoc-utval

Alle politiske utval vert gjeve mynde til å opprette ad hoc-utval (komitear) til førebuandehandsaming av saker, eller til å utføre særskilte oppgåver eller verv innanfor det respektive utvalet sitt område. Val av medlemmer og fastsetting av mandat vert gjort av dei respektive utvala. Komiteane har mynde til å avgjere enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteen sitt oppdrag, jfr. 15

Kommunelova § 10 nr. 5. Innstilling frå komiteane skal gå til vidare politisk handsaming via rådmannen.

4.2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Dette rådet i Nissedal har 4 medlemmer. Eitt blir valt frå kommunestyret og 3 blir valt frå brukarorganisasjonane. Rådet skal handsame alle saker som gjeld vilkår for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld m.a. årsbudsjett og økonomiplan, samt større kommunale byggjetiltak og plansaker. Rådet er rådgjevande og har ikkje avgjerdsrett på vegne av kommunen.

4.3. Eldreråd

Dette rådet har i Nissedal 5 medlemmer. To (2) blir valte frå kommunestyret og 3 blir valte frå pensjonistlaget. Rådet skal handsame alle saker som gjeld levekåra til dei eldre i kommunen. Dette gjeld m.a. årsbudsjett og økonomiplan. Rådet er rådgjevande og har ikkje avgjerdsrett på vegne av kommunen, jf. § 3 i Eldrerådlova.

4.4. Forliksråd

Blir vald av kommunestyret sjølv blant kommunen sine vederheftige og valbare innbyggjarar over 25 år. Dette er ein del av rettssystemet i Noreg. Rådet tek avgjerd i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunen sitt avgjerdssystem. Avgjerder i forliksrådet har verknad som dom og kan bringast inn for tingretten.

5. ADMINISTRASJONEN

5.1. Rådmannen

Rådmannen er den øvste leiar for kommunen sin administrasjon. Oppgåvene til rådmannen går fram av Kommunelov § 23. Rådmannen har rett og plikt til å uttale seg i alle saker som går til politisk behandling.

5.2. Ansvarsområde

Rådmannen har ansvar for å:

- leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for folkevalde organ og sjå til at desse er forsvarleg utgreidd med omsyn til konsekvensar for økonomi, personell og innbyggjarane sine krav til tenester
- følgje opp politiske vedtak og etablere gode rutinar for rapportering av gjennomføring av desse vedtaka
- syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar. Dette inkluderer etablering av rutinar for god intern kontroll
- kvalitetssikre kommunale tenester

- leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen
- motivere og utvikle kommunen sine tilsette i tråd med føringane i kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk
- følgje opp og utvikle det administrative leiarskapet i tråd med føringane i arbeidsgjevarpolitikken.
- ivareta kommunen sitt overordna ansvar for arbeidet med helse, miljø og tryggleik.
- sikre god medverknad frå brukarar og brukarorganisasjonar i saker som vedrører utvikling og/eller endring av kommunen sitt tenestetilbod.

5.3. Mynde

- Rådmannen vert gjeven mynde til å avgjere alle personalsaker innanfor rammene av dei gjeldane personalpolitiske mål og retningslinjer.
- Rådmannen vert gjeven mynde til å fatte vedtak i alle saker som ikkje er av prinsipiell tyding, med mindre lovreglar, forskrifter eller delegeringsreglementet fastset at avgjerda ligg hjå eit anna kommunalt organ.
- Rådmannen vert gjeven mynde til å skrive under på vegne av kommunen på kontraktrettslege dokument som er uarbeidd innafor rammene av gjeldande politiske vedtak (budsjettvedtak eller liknande).
- Rådmannen vert gjeven mynde etter § 79 5. ledd til å krevje offentleg påtale for straffbare handlingar som vert gjort mot kommunen

6. INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSORGAN

6.1 Kviteseidsamarbeidet

Samarbeidet med Kviteseid er organisert som vertskommunesamarbeid jf. § 28b i Kommuneleva.

Rådmannen er delegert mynde i medhald av følgjande lover i saker som ikkje er prinsipielle:

- **Beitelova**
- **Bufelova**
- **Ervervsmessig husdyrhald, lov om**
- **Friluftsløva**
- **Forpaktingslova**
- **Forureiningslova**
- **Grannelova**
- **Hundelova**
- **Jordlova**
- **Konsesjonslova**
- **Lakse- og innlandsfisklova**
- **Matlova (Næringsmiddelova?)**
- **Motorferdselslova**
- **Naturmangfaldlova**
- **Naturskadelova**
- **Odelslova**
- **Plantevernlova**
- **Skoglova**
- **Viltlova**

6.2 Andre interkommunale samarbeid med delegering av mynde

Barnevernlova:

Kviteseid kommune er vertskommune for barnevernstenesta i Vest-Telemark. Kommunane i regionen har delegert all mynde etter Lov om barnevernstenester til rådmannen i Kviteseid kommune.

Vest-Telemark Brannvesen IKS

Kommunestyret i Nissedal delegerer sitt mynde etter Brann og eksplosjonsvernlova § 11 punkt b og h, samt § 12, til leiar i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

Vest-Telemark PPT IKS

Kommunestyret i Nissedal delegerer sitt mynde etter Opplæringslova § 5.6 til Vest-Telemark PPT IKS.

IATA IKS

Kommunestyret delegerer sitt mynde etter Forureiningslova § 26 (tømming av slam) og § 30 (innsamling av hushaldsavfall) til IATA IKS (sjå også § 83).